

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022

## Kultur - driftstilskot - skulekorps og barnekor 2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av skulekorps og barnekor slik det går fram av saka.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### OKK- 007/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av skulekorps og barnekor slik det går fram av saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.21 sak 098/21 *Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner*. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Denne sak gjeld fordeling av midlar for ordninga tilskot til drift av skulekorps og barnekor 2022. Tilskotet hadde søkerfrist 15.11.21.

I retningslina heiter det at ordninga skal støtte opp under aktivitet og drift i skulekorps og barnekor, og er basert på grunntilskot og medlemstal. I driftstilskot inngår støtte til administrasjon, leige av lokale, instruktør og utstyr.

Det er sett av kr 571.360 til fordeling i denne søkerfristen. I 2021 vart det fordelt kr 584.750 til ordninga.

#### Saksopplysninger:

Uttale Alver kulturråd datert 25.01.22, skriv rådet følgjande;

1. I eit lag med eit styre må det vere hovudstyret ved leiar som søker om midlar for laget. Dette er ei demokratisk innretning kor det er den juridisk ansvarlege som står som søker og held intern dialog og fordeling av midlar med undergruppene og aktivitetane i laget. Det blir uoversiktleg nå laget søker i ei ordning og ein aktivitet i same lag søker ei anna ordning. Dette har vore peika på før i sakshandsaminga av driftstilskot og er noko som vil redusere kompleksiteten i handsaminga.
2. Alver kulturråd ønskjer at kulturadministrasjonen tar ein gjennomgang av kva som er definisjonen av eit medlem i eit lag. I og med at driftstilskot er medlemsbasert så er det ei viktig sak. Særleg med tanke på skulekorpsa som har mange vaksne medlemar og vaksenkorpsa som har mange unge under 19 år som medlemar.
3. Det kan vere vanskeleg å skilje mellom det er som er forventa normal aktivitet i laget (drift) og det som ligg føre som prosjektsøknad. Alver kulturråd vil oppmøde administrasjonen om ein gjennomgang av prosjektsøknadane.

#### Kommentar frå rådman

1. Det er primært hovudstyret som skal søkje tilskotsmidlar. Ein ser likevel at nokre av laga har t.d. både barnekor og vaksenkor. Det er vanskeleg å føre tilskot til vaksenkor under tilskotkategorien for skulekorps og barnekor.
2. Det er vanskeleg for rådmann å instruere alderssamsettinga i eit lag.
3. Alle prosjektsøknad blir gjennomgått.

#### Vurdering

Innstillinga er fordelt etter medlemstal, kr 250 pr/medl for 0-19 år, kr 100 pr/medl 20+. I tillegg kommer grunntilskot på kr 45.000 for skulekorps og kr 8.000 for barnekor.

21/9641 DRIFTSTILSKOT SKULEKORPS OG BARNEKOR 2022				
Søkjar (journalnr i parantes)	Medlem	Medlem	Innstilling	Merknad
	-19 år	+ 19 år		
<b>Skulekorps</b>				
Sagstad skulekorps	35	0	53750	
Manger skulemusikklag	65	15	62760	
Sæbø skulemusikklag	25	10	52250	
Lindås skulekorps	27	0	51750	

Hordabø skulemusikklag	19	8	50550	
Knarvik skulekorps	71	6	63350	
Rossland skulekorps	29	0	52250	
Kløvheim skulekorps	22	1	50600	
Ostereidet skulemusikk	23	1	50850	
Skodvin skulemusikk	31	0	52750	
<b>TOTALT</b>	<b>347</b>	<b>41</b>	<b>540860</b>	
<b>Barnekor</b>				
Osterfjorden sokn	15	5	12250	
Ungdomslaget Framsteg	41	0	18250	
<b>TOTALT</b>	<b>56</b>	<b>5</b>	<b>30500</b>	
		<b>TOTALT</b>	<b>571.360</b>	

**Vedlegg i saken:**

01.02.2022 Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar jan 2022 1683369